



NHIL ved Svein M. Nordvik  
svein@nhil.no

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1135 - 14/18565

Saksbehandlar:

Frøydis Ones

Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:

18.08.2014

## Svar på spørsmål frå NHIL om framlegg til områdeplan for Knarvik sentrum

Vi viser til e-post frå NHIL av 27. juni med spørsmål de ynskjer avklaring på. Spørsmåla er ikkje teke opp med plan- og miljøutvalet, men dei er vurdert og svara på av administrasjonen med bakgrunn i plandokumenta. Eventuelle endringar i dei ulike plandokumenta vert vurdert av plan- og miljøutvalet etter merknadsfristen.

For kostnader, strategi og gjennomføring viser vi til planmaterialet og saksutgreiinga. Informasjon ut over dette kan ikkje kommunen gå ut med no, dels fordi det vert ein del av forhandlingsgrunnlaget, og dels fordi dette er materiale som er under utarbeiding. Dette er vårt generelle svar på dei spørsmåla som omfattar desse tema.

### Til spørsmål 1

Det er lagt opp til at det skal vere gang og sykkelveg på begge sider av E39, og elles ha eit godt utbygd gang- og sykkelvegnett for m.a. å sikra framkommelegheit. Fortau, gangveg, sykkelveg og- felt skal opparbeidast som del av offentlege samferdselstiltak, jf føresegna punkt 3.2.4.

### Til spørsmål 2

Grunnlaget for utbyggingsavtalar er ikkje ferdig utarbeidd.

BOP1 skal på same vilkår som dei andre eigedomane bidra økonomisk til tiltak som nemnt i §3 i føresegner om rekkefølge. Av føresegnene § 3.2.2 går det fram at BOP1 er inkludert i dei 30 000 m2 som kan byggast før rundkøyring er ferdigstilt.

BOP1 er omtala i planomtalen (side 43), der det m.a. er sagt at «Gjennom arbeidet har det vore sett på moglegheiter for å lokalisere eit større offentleg bygg på disse areala. Tanken har vore å kunne nytte offentlege bygg som katalysator i planarbeidet.» Med bakgrunn i m.a. dette er det lagt opp til at det kan byggjast på BOP1 før oval rundkøyring vert etablert. Av tabell i § 3.2.4 i føresegna går det fram at BOP1 har krav om at rundkøyringa skal være sikra opparbeidd, (men altså ikkje ferdigstilt), dvs. utbyggingsavtale må være inngått før det vert gitt løyve til tiltak.

Spørsmål om strategi i forhold til Nordhordlandspakken, forskottering og finansiering er spørsmål som vert løyst på andre arena.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



### Til spørsmål 3

Behovet for undergang i aust er diskutert i planarbeidet, og det er konkludert med at det er behov for at den vert opparbeidd.

### Til spørsmål 4

Det skal utarbeidast ein samla parkeringsplan (med moglegheit for etappevis utvikling) for sentrumsføremåla, jf planomtalen kapittel 7.6 og føresegna §1.8.

Det er ikkje tydeleggjort kor dei 500 parkeringsplassane som de skriv om er. Difor er det vanskeleg å kommentere dette talet no. Men vi vil presisere at det er viktig at konsekvensar av planen kjem tydeleg fram i høyringsuttalen til planen.

Det vert mogleg å kome til BS3 (parkeringshus i dag for Knarvik senter) over O\_SGT5 , jf. føresegna §5.2.1). Generelt sett er det først når grunneigar ynskjer å gjennomføra til tak at krav til parkering vert stilt. Fram til den situasjonen kjem, kan dagens løysing oppretthaldast (i den grad det ikkje kjem i konflikt med i hovudsak opparbeiding av offentleg samferdselstiltak).

### Til spørsmål 5

Sjå generelt punkt innleiingsvis.

### Til spørsmål 6

Ja, på sikt. Ved planar om endra bruk av eigedomane vert dette ei føring. Dagens drift kan halde fram innanfor bygningsmassen som er etablert i dag.

### Til spørsmål 7

Det er lagt til rette for at lokalt helsehus kan etablerast på fleire eigedomar, BOP1 er ein av desse eigedomane. Nordhordland utviklingselskap IKS arbeider med lokaliseringa.

### Til spørsmål 8

Det kan verte ein mellomfase der allmenning vert opparbeidd på arealet der skyss stasjonen er i dag før ny skyss stasjon vert opparbeidd. Kvassnesvegen skal verte ei kollektivgate med kantstopp. Bussar kan difor kome inn til det sentrale sentrumsområdet før ny skyss stasjon er etablert. Hordaland fylkeskommune har ansvar for etablering av ny skyss stasjon. Konkret tidsperspektiv har vi ikkje på dette no.

### Til spørsmål 9

Tidsavgrensa varelevering kan innførast uavhengig av innhaldet i områdeplanen, jf. planomtalen side 52.

### Til spørsmål 10

Kommunal VA plan skal utarbeidast, jf. føresegna §2.5.1. Kostnader vert ein del av grunnlaget for utbyggingsavtale. Ein har sikra at hovudstrukturane for naudsynt infrastruktur let seg gjennomføra.

### Til spørsmål 11

Andre instansar enn kommunen har mynde i forhold til strømtilførsel . Føresegna §1.16 omtalar m.a. nettstasjon. Sjå og planomtalen side 56.

#### Til spørsmål 12

Fjernvarme er omtala i føresegna punkt 1.10. På side 56 i planomtalen er det sagt at «Det er foreløpig vanskeleg å seie kor mykje ... fjernvarme som skal byggjast i planområdet.»

#### Til spørsmål 13

Line for bybane/tog er ikkje lagt inn i planen. Det er vist ein moglegheit for å kome inn på ny skyss stasjon med bybane/tog i områdeplan for tunnel på fv 57, Knarvik-Isdalstø.

#### Til spørsmål 14

Side 74 i planomtalen (om vi forstår spørsmålet rett) omtalar moglege hendingar som kan medføre konsekvens med ulik alvorlegheitsgrad. Arbeid med infrastrukturtiltak kan medføre konsekvensar for m.a. utrykkingskjøretøy. Krav om arbeidsvarslingsplanar skal ivareta at utrykkingskjøretøy har alternative køyreruter i anleggsperioden. Kor redningsbilar er lokalisert ligg utanfor planen å ta stilling til. Punkt 15 i tabell på s. 70 og omtale på s. 74 skal altså sikre framkomsten, ikkje sette krav om ny lokalisering, eller "stoppe" utbygging.

#### Til spørsmål 15

Om det er skrive om BS19 og BS20 er det truleg ein skrivefeil. Det er fint om referansen til dette vert gjeve i merknad som vert sendt til planframlegget. Alternativt at de sender oss referansen for oppklaring no.

#### Til spørsmål 16

Planmynde som i denne samanheng er Lindås kommune, fastset rekkefølgjekrava.

#### Til spørsmål 17

I kvalitetsprogrammet, side 47, er heis omtala. Det er riktig at det skal vere enkel tilgang på heis, med maksimalt fire einingar pr heis i kvar etasje. Dette er eit kvalitetskrav som er lagt inn.

#### Til spørsmål 18

Tunnelen på E39 er ikkje regulert. Føresegna, §8, seier at planlegging av tiltak m.a. innanfor 10 meter til kvar side for tunnel løpa krev særskilt forsiktig sprenging og forsterking av sålen. Statens vegvesen må inviterast med inn i planlegging av tiltak i denne sona. Dei skal og godkjenna tiltak.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Frøydis Ones  
arealplanleggar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

NHIL ved Svein M. Nordvik

svein@nhil.no

